

Fra: Marthe Hammer (Marthe.Hammer@vlfk.no)

Sendt: 14.01.2021 22:36:09

Til: Politisk

Kopi:

Emne: Spørsmål til fylkesutvalet - snømåking sykkel

Vedlegg:

Spørsmål til fylkesrådmannen

Det er vinter på Vestlandet, og med det utallige medieoppslag om utfordringar i trafikken. Til og med i Bergen har det vore vinter, noko som ikkje er daglegdags. Det er eit mål å få fleire til å gå og sykle, og spesielt no i koronatida er det ei oppfordring om å gå og sykle meir. Talet på heilårsyklistar stig, men det er framleis eit stort potensial for å få fleire, men da er det viktig at vintervedlikehaldet gjer det mogleg å sykle, også når det har snødd mykje.

Spørsmål til fylkesrådmannen

- Kor mange klagar og avvik på vintervedlikehaldet og snørydding på sykkelveggar har komme inn i samband siste vekers snøfall for Bergen? På kva fora og kanalar er desse blitt meldt inn? Og kva er den føretrekne kanalen for å melde inn avvik på sykkelvegen?
- På facebookgruppa "På sykkel i Bergen" er det ei rekke eksempel på strekningar der bilvegen er fri for snø, mens sykkelvegen/feltet som ligg like ved er snødekt. Korleis er snørydding av sykkelveier prioritert i driftskontraktene, kor konkrete er dei, kva snødybde innan kva tid skal det ryddast for snø og saltet?
- Kva tiltak gjennomfører fylkeskommunen for å påse at driftskontrakt for vintervedlikehold blir fulgt opp og eventuelle avvik blir registrert.
- Ei utfordring for syklistar, men også gåande, er overgangen mellom bilveg og sykkelveg. Det er fleire eksempel å vise til, men eitt av dei er fotgjengerfeltet i lyskrysset i Fjøsangerveien ved Esso. Eit av dei mest trafikkerte sykkelkryssene i Bergen. Måndag 11.januar hadde denne så høge brøytekantar at ein var nødt til å løfte sykkelen for å krysse vegen. Kven sitt ansvar er det å sikre at også krysningspunkt mellom sykkelveg og bilveg, sykkelveg, gangfelt og tunnellar også vert måkt? Er dette tatt høgde for i kontraktane?

Med vennleg helsing

Marthe Hammer

Gruppeleiar for SV i Vestland Fylkesting

Nestleiar utval for samferdsle og mobilitet, og medlem av fylkesutvalet

Tlf: 97672203